

## Høyringsnotat – Oppfølging av Stortingets dokument nr. 8:58 (2007-2008): Forslag til endring i lov om stadnamn

Ås mållag har desse merknadene til det ovannemnde høyringsnotatet. Laget ser med stor uro på framlegget om å overlata ansvaret for skrivemåten av bruksnamn til private grunneigarar. Namnesetjing er eit offentleg samfunnsoppdrag. Skrivemåten bør følgja vanleg norsk skrivemåte og vera bygd på tradisjonell uttale, det norske opphavet i talemålsutviklinga frå gamalnorsk til nynorsk tid og ålment godteken rettskriving.

Vi ønskjer oss ikkje geografiske namn som "Dahl", "Myhre", "Lie", "Snarøen", "Tønseth" og "Næss". Det vil vera det same som å bryta med ein namngjevingstradisjon vi no har halde på i meir enn hundre år. Kva folk har til familienamn er sjølv sagt ei privat sak, men namn på (gards)bruk kan ikkje vera ei sak for einskildpersonar åleine. Høyringsretten er opplagd, men det avgjerande ordet, som departementet skriv, kan ikkje liggja hos ein privatperson. Det kan blant anna innebera stadig endring ved eigarskifte.

Skiljet mellom gards- og bruksnamn er kunstig og søkt. Ås mållag kan ikkje sjå at det er noko grunnlag for å skilja mellom bruks- og gardsnamn, slik departementet no går inn for. Det vil verta nokså meiningslaust om bruk under til dømes namnegarden Voll skulle komma i fire variantar: Voll, Vold, Wold, Woll. Med unntak av utskilde småbruk og tomtebruk vil det oftast vera slik at bruksnamna er avleidde av gardsnamna. Vi ser ikkje føre oss korleis ein skal skilja mellom desse gards- og bruksnamna på skilt og ymse kart. Bruksnummer 1 kan vel da like gjerne som nummer 2 og høgare få kuriøse skrivemåtar.

Det blir òg heilt rangt å leggja skriftformer av slektsnamn til grunn for normering av bruksnamn. Skikken med slektsnamn er relativt ny, og det vart ikkje påbode å bruka faste familienamn før ved namnelova i 1923. Gardsnamna, og med dei bruksnamna, har ei mykje eldre historie. Av di den nedervde uttala mange stader er på vikande front, legg Lov om stadnamn serleg vekt på ho ved normering av namn. Opnar ein no for skrivemåtar som ikkje tek omsyn til nedervd uttale, kjem endå fleire av dei nedervde stadnamna til å kverva. Dette vil berre auka på med meir innflytting av folk med annan dialekt enn den lokale.


Det kan ikkje vera grunneigarane til kvar tid som eig retten til å fastsetja bruksnamnet og skrivemåten av det. Høyringsretten deira er nedfelt i den noverande lova. Derimot bør det vera Statens kartverk som fastset skrivemåten ikkje berre av gardsnamna, men òg av bruksnamna. Notatet slår fast at skrivemåten kan vedtakast utan høyring om eigaren kan dokumentera offentleg bruk av ein skrivemåte. Omgrepet 'offentleg bruk' er ikkje definert, og bak gjennom tid kan det snautt vera noko sikkert kriterium.

Ein må dessutan komma i hug at vi her i landet har ei lang normeringshistorie som går heilt attende til Gerhard Munthe (1838-matrikkelen) og Oluf Rygh (1886-matrikkelen). Serleg var Rygh langt føre si tid, og mange av dei formene det er strid om i dag, til dømes Kvem på Toten, var alt med i 1886-matrikkelen hans. Normering av språk gjennom skrivemåtar har vel aldri vore ei privatsak. Gardsnamna og dei fleste bruksnamna er, slik vi ser det, ein del av ein sams målarv og ikkje eigedommen til grunneigarane.

Ås mållag vil difor på det sterkaste rå ifrå å endra Lov om stadnamn slik høyringsnotatet legg opp til.

På vegner av styret i Ås mållag

Ås, 31. juli 2012

  
Arne Oddvar Skjelvåg